



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev desember 2020

Vel overstått jul til alle. For mange av oss har det blitt ei annleis jul. Tradisjonar har me måtta setja på vent til neste år, men med vaksine på veg skimtar me eit lys i den mørke tunellen.

Sidan sist

Det var ikkje mange klubbar som hadde julemøte i år, og ein del planlagde inntektsbringande aktivitetar måtte avlysast. Mange klubbar gjekk glipp av inntekter eller fekk redusert det dei hadde forventa å få inn, for eksempel på sal av Lions-kalendrar. Derfor vil eg igjen minna om krisepakke 3, kompensasjonen klubbane kan søkja om. Følg denne lenka: [Krisepakke 3 - ny presisering ang avlysning \(lions.no\)](#) Det er betre å søkja og få avslag, enn ikkje søkja og kanskje gå glipp av midlar ein har rett på. **Fristen er 15. januar.**

Det som har vore ein stor aktivitet i mange klubbar i desember, var utdeling av matkorger, julegåver og anna til familiar som trong litt ekstra støtte til jul. Det er så fantastisk å sjå kor mykje jobb som er lagt ned av medlemmene for å gle andre. **Tusen takk til alle som har bidrege. De er gode.**



Også ei stor takk til alle som støtta **Julekaravanan til Marijampole**. Det vart tidleg klart at det ikkje kunne bli ein tradisjonell Julekaravane i år, men Lions-klubben i Marijampole sviktar ikkje. I all hast, før landet vart stengt ned 10. desember, fekk dei levert ut matkorger og litt kontantar til omlag 40 vanskelegstilte familiar. Barna får julepresangane sine etter nyttår. På grunn av Covid-19 vil prosjektet fortsetja utover i 2021. Det vil koma meir informasjon om det seinare.

Distriktet

I sist månadsbrev skreiv eg litt om den nye kampanjenettsida me vil lansera, som eit ledd i å verva nye medlemmer og etablere nye klubbar. Siste året er tre Stavanger-klubbar lagt ned. Få medlemmer og klubbar med høg gjennomsnittsalder er eit faresignal.

Me må prøva noko nytt for å verva medlemmer og ikkje minst halda på dei. Eg har lufta idèen med guvernørane i dei andre distrikta. Guvernørrådsleiar og generalsekretær er også informerte. Alle er positive og har gitt si tilslutning til pilotprosjektet. Blir dette ein suksess, vil det vera fullt mulig for dei andre distrikta å "hengja seg på". Dette blir spennande.

Så vil eg minna om e-posten som vart sendt ut til alle medlemmer 12. desember, " **Val og saker til Distriktsmøte 2021**". Tenk på om du kunne tenkt deg eit av verva, eller så kan du sjølv sagt føreslå ein annan medlem. Det er også mange sonar som treng soneleiarar framover. Eit verv i Distriktet er både kjekt og lærerikt. Opplæring vil bli gitt i alle verv. Tenk også på kandidatar til "Ildsjelprisen" og " Ungdomsprisen".

Distriktet har fått ny " Røde Fjær" kontakt. Det er Jan Egil Friestad frå LC Klepp. Stor takk til Odd Konrad Dale som har hatt dette vervet til no. " Lions Røde Fjær" har lagt litt på vent i håp om at koronasituasjonen skulle endra seg. Det er lagt opp til eit møte på Beitostølen i januar. Så får me berre venta og sjå om me kan møtast der.

Lions sentralt

Det var svært gledeleg å lesa at **H.M.Kongen** framleis vil vera Lions sin høge beskyttar i nye fem år. Det at Kongen anerkjenner Lions på denne måten betyr mykje for oss medlemmer. Det er alltid høgtidleg og stor stas når me tar "Kongens skål" på Distriktsmøte og Riksmøte.

Tulipanaksjonen til våren er som alltid siste laurdagen i april. Det blir jobba med at aksjonen skal foregå på vanleg måte, men sjølv sagt med smitteverntilpassingar. Informasjon vil bli lagt ut på intranettsidene til Lions. Der vil de også finna bestillingsskjema. I tillegg vil det bli sendt e-post til klubbane. Det å vera synleg i nærmiljø på "Tulipandagen", er veldig viktig. Inntektene til tulipanfondet er avgjerande for aktiviteten til "Det er mitt valg". Planlegg dette godt og bestill rikeleg med tulipanar når den tid kjem.

Nordisk Samarbeids Råd (NSR) skulle vore i Finland i år, 16.-17. januar. I staden blir det digitalt, ope og gratis for alle. Program og påmelding finn du her: <https://nsr2021.org>

MyLion

Vil igjen minna om MyLion. Det er så viktig at klubbane kjem i gang med rapportering for å synleggjera alt me gjer. Dette **må** ha førsteprioritet i alle klubbar som ikkje rapporterer. **Distriktet vårt skal bli det beste på rapportering.** Sidan sist har det kome til to nye klubbar, så no er det 18 av 73 som har starta rapportering. Me har ein lang veg å gå, men me skal klara det. Ta kontakt med opplæringsansvarleg i Distriktet GLT Terje Berge, terjelberge@gmail.com dersom det skulle vera spørsmål om dette, eller om du har problem med innlogginga på den internasjonale sida [Home page | Lions Clubs International](#) .

Campaign 100

I sist månadsbrev skreiv eg litt om Campaign 100, at kampanjen ønskjer fleire modellklubbar og oppfordrar til Melvin Jones Fellowship- utnemningar. No viser det seg at fleire klubbar i distriktet er nær ved å oppnå modellklubbstatus. Det er svært gledeleg. Desse vil bli kontakta av Distriktet sin C-100 koordinator, Marwin Hopland. Som modellklubb må ein betala inn 500 USD pr medlem i aksjonsperioden som blir avslutta 30.06.23.

De glemte barna

Av og til dukkar det opp prosjekt som berre treff ein midt i hjartet. Det var det som skjedde med meg då Einar Lyngar var på DM 2014 i tidlegare 104D og snakka om syriske flyktingar i Libanon. Like før jul i 2013 hadde han sett på nyheitene at barn gjekk barbeint i snøen og fraus i ein flyktingleiren i Bekaadalen på grensa til Syria.



Han "snudde seg rundt", fekk pengar frå Lions Norge sitt katastrofefond og innan få dagar var han og delte ut mat, skor og varme klede til **barna i Aarsal**. Det i godt samarbeid med Amine Hacha i LC Beirut Downtown. Einar Lyngar såg då at behovet var stort, ikkje berre for skor og varme klede, men også for skulemateriell. Dette resulterte i ei stor innsamling fleire stader i landet . Mange vart engasjerte, og fleire klubbar i Distriktet vårt samla inn både ulltøy, vinterklede og pengar til kjøp av skulemateriell. Fleire containerar med klede og skor vart frakta til Libanon med båt og kom fram til flyktningleiren like før neste vinter slo til for fullt.

Dette er starten på historia bak bygginga av Lions Norge sitt Safe Center i Libanon. Som de sikkert hugsar, samla Distriktet vårt inn over ein million kroner til bygging av senteret. Eit imponerende resultat.



Safe Centeret er eit senter for å gje flyktningbarna eit betre liv. Her får barna lov til å vera barn. Leik og læring, like viktig begge deler. Desse barna har ein utfordrande kvardag, men her har dei det trygt og godt. Dei får medisinsk oppfølging og hjelp til å bearbeida trauma. Eit anna viktig fokus på senteret er å bekjempe barnearbeid, noko som er utbreidd i området.

Senteret blir drive av den lokale organisasjonen BEYOND som gjer ein fantastisk jobb. Også myndigheitene ser kor mykje senteret betyr for mange og kor viktig hjelpa til barna er. Lions Norge har drifta senteret økonomisk fram til no. Dette er eit prosjekt i regi av Lions Aid Norway (LAN) som har forplikta seg til å drifta senteret fram til 30.06.21. Eg vil be alle klubbane om å støtta "De glemte barna" då me manglar ein god del tusen kroner for å kunna finansiera forpliktingane våre fullt ut dette året.

Det vart vedteke på Riksmøte i 2019 å be klubbane gje kr 100 pr medlem. Sjekk hugselista. Det er lov å gje meir, og Lionsmedlemmer kan sjølvstilt bidra privat.

Kontonummer er 9001.23.04241. Betal helst med KID-nummer.(Sjå hugselista)

Har du ikkje KID - nummeret, så merk innbetalinga med " De glemte barna". Takk så lenge.

Til slutt

vil eg ønskja alle ei fin nyttårsfeiring og eit **GODT NYTT ÅR**. No ser me heldigvis starten på slutten av pandemien. Eg gler meg til at alt blir normalt og at me igjen kan klemma nære og kjære. Ta vare på deg sjølv og alle rundt deg. "Slå på tråden" til nokon du veit treng ei ekstra oppmuntring i desse tider. Det er ikkje alltid det skal så mykje til for å gle ein annan.

Tankane mine i kveld går til dei som er berørt av jordskredet i Gjerdrum.

Beste Lionshelsing frå

Gunnhild Rein Almås

Distriktsguvernør 104C 2020-2021

Telefon 90 79 67 47

c.dg@lions.no

Leave footprints
of **love** and **kindness**
wherever you go.

